

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		12.01.2021
Fylkesutvalet		19.01.2021

Høyring: NOU 2020:12: Næringslivets betydning for levende og bærekraftige lokalsamfunn

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune ser på NOU 2020:12 som eit godt kunnskapsgrunnlag for ein styrka innsats inn mot næringsutvikling i distrikt.
2. Verdiskapinga per sysselsett i distriktsnæringane er høg, men tilgang på arbeidskraft og kompetanse er ei utfordring. Særleg tilrådingane som gjeld auka tilgang på kompetanse og arbeidskraft i distrikt er viktig for å auke verdiskapinga i framtida. Vestland fylkeskommune støtter tilrådingane til distriktsnæringsutvalet om å regionalisere fleire av dei statlege, kompetanseretta verkemidla.
3. Ei styrking av fylkeskommunen sitt handlingsrom gjennom større ansvar for verkemiddel retta mot næringsutvikling vil gjøre det lettare å innrette og prioritere verkemidla i samsvar med behovet i det regionale næringslivet. Utvalet pekar på at fylkeskommunen må ha handlingsrom og økonomiske verkemiddel til å kunne ta ei sterkare utviklingsrolle i distrikt med tynne innovasjonssystem og at rammene for dette arbeidet må aukast. Vestland fylkeskommune støttar synspunktet og er klar til å ta ei større rolle som distrikts- og næringsutviklar.

Samandrag

Denne saka gjeld høyringssvar til distriktsnæringsutvalet sin rapport «NOU2020:12 Næringslivets betydning for levende og bærekraftige lokalsamfunn». Denne rapporten er særskilt viktig for Vestland fylkeskommune som er det mest folkerike distriktsfylket i Noreg med høg verdiskaping og eksport frå distriktsnæringane. Utvalet kjem med ei rekke tilrådingar om korleis ein kan leggje til rette for næringsutvikling i distrikt på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå.

Rune Haugdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen håndskrivne underskrift

Vedlegg

- 1 Vedlegg: Høyringssvar frå Vestland fylkeskommune til NOU 2020:12: Næringslivets betydning for levende og bærekraftige lokalsamfunn
- 2 NOU 2020:12: Næringslivets betydning for levende og bærekraftige lokalsamfunn

- 3 NOU 2020:12: Næringslivets betydning for levende og bærekraftige lokalsamfunn
(Distriktsnæringsutvalget) - høringsbrev

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Distriktsnæringsutvalet vart utpeikt ved kongeleg resolusjon 27. september 2019 for å vurdere næringslivet sin betydning for levande og berekraftige lokalsamfunn. I NOU 2020:12 ser utvalet på befolkningsutviklinga, sysselsetting og verdiskaping i næringslivet. Vidare peiker utvalet på korleis vi kan leggje til rette for næringsutvikling i distrikt og kva som er god næringspolitikk på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå. Utvalet kjem med ei rekke tilrådingar om korleis.

NOU2020:12 er veldig relevant for Vestland fylkeskommune som den mest folkerike distriktsfylkeskommunen med opp mot ti timer køyring frå nord til sør i fylket. Vestland er det største eksportfylket i Noreg og størstedelen av eksporten kjem frå distriktsnæringer. Fleire av tilrådingane til distriktsnæringsutvalet er relevante for innsatsen fylkeskommunen rettar mot distriktsnæringerne og utviklinga av lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv. Rett kompetanse på rett plass er særskilt viktig for å sikre kompetent arbeidskraft til distrikta og for å lede oss inn i det grøne skiftet og mot målet om å bli eit nullutslepps fylke i 2030.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet gir på vegner av Vestland fylkeskommune uttale i høyringssaker.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Høyringsinnspeil til NOU2020.20 vil ikkje ha direkte innverknad på Vestland fylkeskommune sin økonomi.

Klima:

Dersom tilrådingane frå distriktsnæringsutvalet vert følgd frå nasjonalt hald, kan det medverke til auka innsats for grøn omstilling og framtidsretta arbeidsplassar i distriktsnæringerne. I tillegg kan ein få ein meir heilskapleg infrastruktur som kan medverke til berekraftig utvikling av lokalsamfunn.

Folkehelse:

Levande og berekraftige lokalsamfunn med kompetansetilbod og framtidsretta arbeidsplassar fremjar folkehelsa. Distriktsnæringsutvalet fremjar mobilisering og medverknad frå innbyggjarar og inkludering som viktig for utvikling av levande og berekraftige lokalsamfunn.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Tiltaket støtter opp om FN sine berekraftsmål

Tilrådingane frå distriktsnæringsutvalet støtter opp under visjonen i Utviklingsplan for Vestland om å vere nyskapande og berekraftig. I tillegg støtter tilrådingane opp under hovudmåla i utviklingsplanen om klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling, å utvikle lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv og medverke til like mogleigheter for deltaking i verdiskaping.

Tilrådingane kan medverke til auka verdiskaping i heile fylket og at Vestland vert det leiande verdiskapingsfylket. Utvalet sine tilrådingar er også ivaretakne i utkastet til regional plan for innovasjon og næringsutvikling. Fleira av tilrådingane vil ha positiv innverknad for kommunar, innbyggjarar og næringsliv, medverke til eit godt tenestetilbod og framtidsretta regional utvikling.

Oppsummering

Vestland fylkeskommune ser på rapporten frå distriktsnæringsutvalet som eit godt kunnskapsgrunnlag for distriktsutvikling. Vi viser til vår innstilling i saka. Og vi syner til framlegget til uttale som ligg ved saka.